



## Norsk Ornitologisk Forening (NOF)

Sandgata 30 B  
N-7012 Trondheim

e-post: [nof@birdlife.no](mailto:nof@birdlife.no) internett: [www.birdlife.no](http://www.birdlife.no)

Telefon: (+ 47) 73 84 16 40  
Fax: (+ 47) 73 84 16 41  
Bankgiro: 4358.50.12840  
Org. nr.: 970 089 748

Møre og Romsdal fylke  
Areal- og miljøvernavdelinga  
Fylkeshuset  
6404 MOLDE

Deres ref.  
2003/9025/INBR/432.1

Deres kontaktperson  
Ingbjørn Bredeli

Vår ref.  
037/06 – 471.381

Vår kontaktperson  
Morten Ree ([morten@birdlife.no](mailto:morten@birdlife.no))

Dato  
26.04. – 2006

### FRAMLEGG TIL VERNEPLAN HEKKANDE SJØFUGL I MØRE OG ROMSDAL -LOKAL OG SENTRAL HØYRING

#### Konklusjon:

Vår oppsummering av framlegget til verneplan for sjøfugl i Møre og Romsdal er som følger:

1. Planen manglar klare delmål, spesielt bestandsmål. Dette gjer det uråd å vurdere planen i høve til måloppnåing både for regionale og nasjonale mål.
2. Som følge av manglande delmål er det ingen vurdering av plan eller planbakgrunn i høve til Norges ansvar og plikter når det gjeld internasjonale avtalar og konvensjonar.
3. Utvalet av lokalitetar synest ikkje å vere vurdert i høve til geografisk fordeling.
4. Planen manglar oppdatering og vurdering av bestandstrendane for sjøfugl siste åra
5. Utvalskriteria legg opp til skilnadshandsaming mellom sentrumsområde og utkantar, bygt på ei forventning om at folketettleik og friluftaktivitetar er synonymt med konflikter.
6. For fleire område er avgrensingane lite i samsvar med fuglane sin bruk av områda. For nokre lokalitetar er viktige deler av hekkeområdet kutta ut, for andre er område med liten verdi for fugl er teke med.
7. Vernereglane for fleire av områda er dårleg tilpassa artsutval og funksjon. For enkelte område er det lagt unødig restriksjon på ferdsel.

#### Hovudkonklusjon:

***Framlegget til verneplan for sjøfugl i Møre og Romsdal held ikkje fagleg mål og bør ikkje leggest til grunn for slutthandsaming i si noverande form. Vi finn derfor å måtte gå imot planen. Det burde vere unødvendig å legge til at vi finn dette sterkt beklageleg, særleg etter som utviklinga i sjøfuglbestandane, også i Møre og Romsdal, har vore sterkt negativ i***

*nyare tid. Nettopp derfor er det og særdeles viktig at ein verneplan for desse fuglegruppene får ei form og eit omfang som vil kunne sikre tilfredstillande område og vilkår for hekking. Planen må utvidast med minst dei 23 fjordlokalitetar som NOF har lista opp i denne høyringa.*

**Norsk Ornitologisk Forening vil grunnje dette med følgjande:**

Utsending og høyringsfrist:

Det undrar oss at høyring lokalt og sentralt vert køyrt parallelt, og vi stiller spørsmål ved ein slik praksis i høve til tidlegare høyringsrutiner. Dette vil openbertt medføre reduserte sjansar for påverknader til justeringar etter som det ikkje kan verte høve for sentrale høyringspartar til dialog med den regional forvaltingsstyresmakta rundt innkomne merknader frå lokale partar. Ein tidsskilnad på 16 dagar mellom lokal og sentral høyringsfrist vil berre gje høve til intern diskusjon for høyringspartane på ulikt nivå.

Så til sjølve planframlegget med grunnlagsdokumentet:

Dokumentet bygger på og refererer til ein rapport frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1998: "Hekkende sjøfugl i Møre og Romsdal - ein statusrapport". NOF har vore med og skaffa til veges ein vesentleg del av kunnskapsgrunnlaget. Rapporten legg vekt også på økologi, bestandsutvikling globalt og regionalt, verneverdi og tilhøve til menneskleg aktivitet, og burde derfor ha vore kobla saman med høyringsprosessen på ein meir aktiv måte enn no. Dette ville ha gitt betre dokumentasjon og grunnjeving for verneframlegget, og ville truleg ha rydda opp i ein del av dei mistydingane og den motstanden vi etter kvart har registrert at planen har fått i mange lokalsamfunn i fylket.

Innleiingsvis vert det sagt at føremålet med verneplanen er "å verne dei viktigaste hekke-lokalitetane for sjøfugl i fylket". Dette er eit hovudmål som burde ha vore konkretisert gjennom delmål i høve til artar og bestandar, slik at det kunne vere enkelt å kvalitetskontrollere planen i høve til måloppnåing. Dette ville vere særleg viktig i høve til bestandsmål og kor vidt det samla utval av lokalitetar i lågare verdikategoriar ville vere med på å oppfylle arts- og bestandsmåla. Slik planen er no, manglar grunnlaget for slik kvalitetskontroll. Hovudmålet blir derfor hengande i lause lufta og vil kunne seiast å vere oppfylt også med eit fåtal verna hekkelokalitetar, berre det er dei viktigaste. Etter vår oppfatning er dette ein vesentleg mangel ved planen.

Element av delmål er teke med for to artar: Toppskarv og teist. Det må vere slik å forstå at alle lokalitetane der desse to artane hekkar i fylket, skal takast med i planen. Dette synest å vere oppfylt for toppskarv, men ikkje for teist. For sistnemnde art, som også hekkar enkeltvis, er det praktisk umoglege å opprette verneområde for alle par, men fleire koloniar, dei fleste små, men også nokre større, er ikkje med. Fleire av desse burde ha vore tekne med. For andre burde det i det minste vere ei forklaring på kvifor ikkje målet er følgt fullt ut.

For fleire andre artar burde det ha vore eit tilsvarande arts- og bestandsmål, spesielt dei som er fåtalige eller har hatt negativ bestandsutvikling. Etter den mest oppdaterte kunnskapen burde dette gjelde i alle fall havsvale, stormsvale, havhest, tjuvjo, storjo og begge terneartane. Dei reine fuglefjellsartane synest å vere bra dekte opp. Utvalet av artar som er med i utvalskriteria, burde og underleggast kritisk vurdering. Grågås høyrer ikkje naturleg med, sjølv om viktige hekke- og myteområde er samlokalisert med viktige sjøfuglkoloniar. På den andre sida er det nærliggande å stille spørsmål om kvifor ikkje gråhegre (utprega kolonihekkar) er med,

sjøbunden som arten er i Møre og Romsdal, og ut frå den posisjon han har i internasjonale avtalar og konvensjonar. Om vi ut frå tala i plandokumentet gjer ei rask oppsummering for tre av dei sjøfuglartane som har hatt mest kritisk bestandsutvikling i Møre og Romsdal siste 30-35 åra, ser vi at for raudnebbterne omfattar planen hekkelokalitetar der det dei siste åra det finst opplysningar frå, har hekka 650-700 par, for makrellterne 175-200 par, og for teist 275-300 par. Etter siste bestandsestimata vil planen for begge terneartane grovt rekna sikre rundt 10% av bestanden innafør verneområde, medan det for teist vil vere rundt 50%. Samanliknar vi dette med utvalskriteria for denne arten, der utgangspunktet er dekning på bortimot 100%, kan planen ikkje seiast å vere tilfredstillande. Sjølv om det i praksis ikkje vil vere råd å få med spreidthekkande teistar gjennom ein verneplan, burde eit rimeleg siktemål i alle fall ligge i storleiksorden 75-80%. For terneartane vil den framlagde verneplanen ikkje på nokon måte sikre ein naudsynt del av bestanden. Spesielt gjeld dette fjordane, der tradisjonelle hekkeplassar på småholmar og skjær ofte er dei einaste tilgjengelege hekkelokalitetane.

Art	% av estimat	Område i plan	Best.tendens
Havhest	~100%	(7)	-
Havsvale	~100%	2	?
Stormsvale	~100%	2	?
Havsule	100%	1	+
Toppskarv	~100%	13	(+)
Ærfugl	<10%	24	+?
<b>Tjuvjo</b>	<b>&lt;5%</b>	<b>3</b>	<b>--</b>
Storjo	70%	1	+
Hettemåse	40%	1	?
<b>Fiskemåse</b>	<b>10-15%</b>	<b>24</b>	<b>--</b>
Sildemåse	40-50%	18	(+)
Gråmåse	30%	26	-
Svartbak	30%	34	?
Krykkje	~100%	4	--
<b>Makrellterne</b>	<b>10%</b>	<b>11</b>	<b>--</b>
<b>Raudnebbterne</b>	<b>10%</b>	<b>14</b>	<b>--</b>
Lomvi	100%	2-3	-
Polarlomvi	100%	1	?
Alke	100%	2-3	-
<b>Teist</b>	<b>50%</b>	<b>21</b>	<b>--</b>
Lunde	100%	2(-3)	+?

I tabellen er rekna med Runde fredingsområde  
 (+) = etter kraftig nedgang frå tidlegare mykje større bestandar

Tabellen ovanfor illustrere dette. Dei artane som her er skugga ut, er artar der den framlagde verneplanen ikkje på nokon måte kan vere i samsvar med det som bør vere eit rimeleg bestandsmål. Det verste med planen er likevel at det er dei artane som har mest kritisk bestandsutvikling som er langt dårlegast dekte i høve til andel av hekkebestand. Generelt meiner vi at eit minimums bestandsmål også for vanlege og vidt utbreidde sjøfuglartar bør vere at 50% av bestanden er å finne innafør verna område. Dette fordi dei stort sett er kolonihekkarar og derfor sårbare for inngrep og forstyring, samstundes som dei fleste koloniane er godt avgrensa. For kolonidannande artar i kritisk bestandsutvikling bør siktemålet vere å ha minst 70-80% av bestandane innafør verneområde.

Vi må sperre augo opp i høve til erklært målsetjing, når det i utvalskriterium G – Konflikt (side 18) er lagt vekt på folketal i nærleiken og om det er stor konflikt med menneske. Dette er på side 19 utdjupa i høve til Hjertøya/Fårøya i Molde kommune, der det er sagt at nærleiken til Molde by og utfart gjer det urealistisk med vern. Etter vår meining er dette eit heilt uakseptabelt utgangspunkt. Utvalskriteria må vere objektive, spesielt når det gjeld område av internasjonal/nasjonal verdi som her, altså dei mest verdifulle lokalitetane. Innafor eit område på 12 km<sup>2</sup> må det vere råd å finne fram til eit sambruk der avgrensa område med sjøfuglkoloniar kan vernast etter naturvernlova. Dette ut frå det som *må* vere målsetjinga for ein slik plan, **verdi og funksjon**, men og fordi det etter vår oppfatning vil vere med på å sikre og å heve opplevingsverdien av det utfartsområdet det er ein del av. Utan at det er sagt i planen, er det grunn til å stille spørsmål om same grunngeving er nytta for ikkje å ta med fleire viktige og vel avgrensa sjøfuglkoloniar i nærleiken av Ålesund. Etter vår meining må dette vere heilt feil, også i høve til overordna målsetjingar om å setje av verneområde i norsk natur for å sikre og auke folks forståing for og opplevingsverdi av ein levande natur, og det er ikkje i samsvar med det ansvar Norge har i følgje internasjonale avtalar og konvensjonar. Det vil dessutan sterkt kunne svekke folks forståing av og tillit til planen når det vert lagt til grunn skilnadshandsaming mellom sentrale område og utkantdistrikt.

Ein viktig svikt i plangrunnlaget er mangel på nærare omtale og oppdatering av bestands-situasjonen for sjøfugl både i Møre og Romsdal og langs vår del av Atlanterhavskysten. Plandokumentet refererer til statusrapporten om hekkande sjøfugl frå 1998, og med siste bestandstal frå 1995, for åtte lokalitetar i nordfylket også frå 2001 og 2002. Det er vidare nemnt at storskarv hekka på Orskjera i 2005, men det er ikkje gitt noko generell vurdering av kva dei siste tala syner av utvikling. Kvifor er ikkje oppdatering gjort for dei mange andre lokalitetane som det og finst data frå etter 2000? Dette er spesielt alvorleg etter som sjøfugl-situasjonen generelt har vore svært negativ, for enkelte artar karakterisert som dramatisk, langs heile vår del av Atlanterhavskystane. Årlege tellingar også på kysten av Møre og Romsdal syner svært negative tal, spesielt for havhest, tjuvjo, alle måseartane inklusive krykkja, og for alkefuglane, men med atterhald for lunde. Toppskarv er på førehand redusert med 2/3, medan det berre har vore att restar av tidlegare store bestandar av ternar og av teist. Dei siste 2-3 åra (2003-2005) har vore prega av sterk hekkesvikt, bortimot total for havhest, lomvi og alke, svært lav hos måsane, medan ternene trass alt har hatt ein viss produksjon dei siste to åra. Med eit slikt utgangspunkt er tabellen over estimat for hekkfuglbestandane, tabell 1, i verneplanen i beste fall misvisande. Tabellen i seg sjølv har utgangspunkt i 1975 og burde ha vore korrigert. Når bestandsestimater for lomvi, alke og lunde dette året er bygt på eldre litteratur, og seinare bestandsteljingar syner at dette har vore systematisk underestimert, burde både tala for artane og sumtalet for totalbestanden vore justert ut frå seinare, forbetra oppgaver, etter som det ikkje var nokon indikasjon på vesentleg bestandsending i dei etterfølgjande seks åra. Utgangspunktet for desse tre artane og for sumbestanden skulle derfor ha vore vesentleg høgare, slik at det synte den reelle bestandsnedgangen hos sjøfugl i Møre og Romsdal over den aktuelle 20-årsperioden. Dette i seg sjølv er eit viktig argument for ein sjøfuglreservatplan for Møre og Romsdal. Med ei oppdatering av situasjonen fram til 2005 ville dette for dei aller fleste sjøfuglartane i tillegg ha synt ei dramatisk utvikling som er det beste argumentet for ein verneplan for sjøfugl i fylket. Ein slik plan må vere eit absolutt krav for å berge restane av tidlegare store og viktig delbestandar nasjonalt og internasjonalt. All erfaring frå dette kystavsnittet og frå andre stader syner at nettopp i situasjonar med bestandsnedgang og hekkesvikt er sjøfuglartane særleg sårbare også for forstyrring frå mennesket. Med referanse til statusrapporten for hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal frå 1998, må det vere grunn til sterkt å beklage at det har teke så lang tid å få utarbeidd ein

verneplan for sjøfugl i fylket. I løpet av den siste 30-årsperioden er talet på og arealet av store og viktige sjøfuglkoloniar redusert betydeleg, og det er ingen tvil om at ein sjøfuglreservatplan fremja på 1970-talet, ville ha vore vesentleg meir omfattande enn dagens sterkt reduserte plan. Det er derfor underleg å oppleve at den framlagde planen har evna å utløyse skarpe konflikter med ei rekkje lokalsamfunn og kommuner i fylket, og at forvaltingsstyresmaktene dårleg har greidd å grunngje og argumentere for kvifor ein slik verneplan i dag er endå viktigare enn nokon gong før.

### **Lokalitetsutval:**

Når det gjeld dei konkrete framlegga til lokalitetar, har vi følgjande merknader:

#### *Inngripan*

Ingen spesielle merknader til avgrensing eller vernereglar.

#### *Grip*

Ingen merknader til avgrensing, men ferdselsforbodet må gjelde frå 1. april av omsyn til hekkande toppskarv.

#### *Vegsundholmane-Veibustholmen*

Ingen merknader til avgrensinga. Vi merkar oss at kolonien av gråhegre ikkje er nemnd (Veibustholmen). Av omsyn til denne bør ilandstigningsforbodet gjelde frå 1. april.

#### *Eggholmane-Lisjeholmen*

Vi har vanskeleg for å skjønner kvifor Frekøyane er tekne med i verneframlegget, spesielt etter som sørlege del av Storholmen ikkje er med. Dette fordi den største konsentrasjonen av hekkande fuglar dei seinare åra har vore på sørlege del av Storholmen, medan Frekøyane ikkje har hatt hekkkoloniar eller andre konsentrasjonar av hekkande fugl. Vårt framlegg er derfor å kutte ut Frekøyane og ta med eit avgrensa område inklusive Søre og Midtre Kletten på Storholmen. Det ville og ha vore naturleg å grunngje verneframlegget med andre viktige hekkfuglar enn dei som er nemnde. Vernereglane bør også tilpassast betre i høve til desse fugleartane.

#### *Riste*

I tidlegare tider var denne øya ei klar sjøfugløy som ville ha vore eit naturleg objekt i ein sjøfuglreservatplan, og så seint som på 1970- og innpå 1980-talet var det framleis hekkande sjøfugl som ville ha forsvara ein slik posisjon. I dag er hekkande sjøfugl redusert til ein liten toppskarvbestand, fordelt på to delområde, i tillegg til spreidde måsepar. Dersom det er ei overordna målsetjing å få alle toppskarvkoloniane i fylket innafør verneområde for sjøfugl, skjønar vi på ein måte argumentasjonen for å ta med Riste i ein slik plan. På den andre side er vegetasjon og landskap spesielt, og ut frå botaniske og kulturlandskapsmessige verdiar og kriterier er øya definitivt verneverdig. Vi finn derfor ut frå ei heilskapsvurdering å ville rå til å ta Riste ut av verneplanen for sjøfugl og ta sikte på eit landskapsvern, evt. med strengare vern på deler av øya, men då ut frå botaniske og kulturlandskapsmessige omsyn. Innafor ei slik verneform vil det lett kunne innarbeidast reglar som sikrar toppskarvkoloniane på øya og eventuelt andre ornitologiske verdiar.

### *Nupafjellet*

Dette er ein av dei få, relativt store måsekoloniane som er att i fylket, sjølv om den isolert sett er liten i høve til dei største for 20-30 år sidan. I tillegg til dei nemnde fugleartane, er området viktig også for ei rekkje andre fugleartar. Avgrensing av området undrar likevel NOF. Dette fordi det inkluderer Nupaholmane og strandområda sør for Hesthammarneset, område med lite hekkande fugl. Måsekoloniane er lokalisert til toppen av Nupafjellet og midtvegs nedover fjellsida mot nord. Ut frå dette ser vi heller ikkje behov for å dra områdeavgrensingane ut i sjøområda. I prinsippet er vi samde i at hekkeområde for sjøfugl bør ha ei slik skjerma sone i tilgrensande sjøområde, men i dette tilfellet meiner vi det må vere naturleg å følge strandssona. Ut over dette har vi ingen merknader til vernereglane, men vil gjere merknad om at det er viktig med god merking av stien til Nupatinden slik at ferdsel langs denne blir godt dirigert og såleis forutsigbar for hekkande måsar. Dette er eit viktig element for naudsynt tilpassing.

### *Svinøya*

Dette er ein av dei mest særmerkte sjøfuglkoloniane ikkje berre i fylket, men og på landsbasis. Etter NOF si oppfatning har denne lokaliteten potensiale for større koloniar og breiare og meir interessant artsspekter enn det som har vore så lenge det har vore menneskleg aktivitet på øya. Vi ser det derfor som særdeles viktig at denne lokaliteten får høg prioritet, både fordi det er den einaste hekkelokaliteten for lunde i fylket utanom Runde, og fordi det er ein av to dokumenterte hekkeplassar for havsvale i fylket. Av omsyn til dei aktuelle artane meiner vi og at ferdselsforbodet må gjelde frå 1. april til ut september, nettopp for på den eine sida å skjerme lundekolonien (normal egglegging i april) og på den andre sida å ta omsyn til hekkande havsvaler (små ungar i september).

### *Muleneset*

Dette var tidlegare ein av dei aller største toppskarvkoloniane i fylket utanom Runde, hadde ein periode ein god havhestkoloni, relativt store måsekoloniar og ein etter måten bra bestand av teist. For alle artane har det vore sterk tilbakegang dei seinare åra, men lokaliteten er framleis intakt terrengmessig og vil ha potensiale for å kunne bygge opp att fuglekoloniane. I tillegg er det viktig hekkeområde også for ei rekkje andre, kystfjellbundne artar. Området bør derfor ha høg prioritet. NOF har ingen spesielle merknader til avgrensingsframlegget, men finn å måtte rå til ferdselsforbod frå 1. april av omsyn til bl.a. toppskarv. Vi vil likevel ta eit atterhald om avgrensinga på toppen av fjellet, etter som ferdsel i dette området ikkje vil vere av betydning for hekkande fugl nede i fjellet.

### *Sandøya-Vattøya*

Ingen spesielle merknader til avgrensingsframlegg eller framlegg til vernereglar.

### *Eggholmen*

Ingen spesielle merknader til avgrensingsframlegg eller framlegg til vernereglar.

### *Flørauden*

Ingen spesielle merknader til avgrensingsframlegg, men av omsyn til hekkande toppskarv (som ikkje er nemnt i planen) bør ferdselsforbod vere frå 1. april.

### *Lomstjønn-Hareidmyra*

Dette er i dag den mest spesielle måsefuglkolonien i Møre og Romsdal og truleg i landssamanheng. Dette fordi alle fem av dei vanlege måseartane rugar her, og dessutan har periodevis begge terneartane hekka. Dette er ikkje spesielt nemnt. Når måsekoloniane her

samstundes her tiltrekning på og fungerer som eit vern for hekkande ender og vadefuglar, burde lokaliteten etter vår meining vore klassifisert høgare i verdi (2 = nasjonal betydning). I tillegg har dette vore ein vital koloni også dei seinare åra og har for fleire av artane hatt større og dels markert større bestandar enn det som går fram av omtalen. Med bakgrunn i dette må denne lokaliteten få høg prioritet i planen, men ut over det har NOF ingen spesielle merknader til avgrensing eller framlegg til vernereglar. Vi må likevel understreke at områda rundt sjølve Lomstjønna er spesielt viktige.

#### *Vindfarholmen*

Faktaopplysningane om denne holmen er ikkje oppdaterte. Diverre har alle sjøfuglkoloniane her brotna saman, og dei seinare åra har hekkebestanden vore eitt par grågås, enkeltpar av ærfugl og siland, vanlegvis to par tjeld, to par svartbak og dei fleste åra også enkeltpar av gråmåse eller sildemåse. Sjølv om holmen i si tid var ein særdeles viktig hekkeholme for eit breidt utval av kolonidannande sjøfugl i ei noko uvanleg artssamansetjing, har ikkje tilstanden dei siste åra vore slik at det lenger er naturleg å innlemme lokaliteten i ein verneplan for hekkande sjøfugl. Utviklinga her illustrerer berre alt for godt situasjonen for sjøfugl i fylket og understrekar det viktige i å prioritere dei hekkelokalitetane som framleis er i bruk. Vi må derfor rå til at holmen blir teken ut av verneplanen.

#### *Erkna*

Lokaliteten har tidlegare hatt betydeleg større koloniar av nokre av dei hekkande sjøfuglartane, særleg havhest og måsar, men merkar seg framleis ut som ein av dei aller viktigaste sjøfugllokalitetane i fylket utanom Runde. For toppskarv er dette ein av dei koloniane som har vore i best forfatning dei seinare åra, med jamn auke. NOF er derfor samd i at området må få svært høg prioritet. Vi har ingen merknad til avgrensinga, men av omsyn til både ei artane som startar hekking tidleg og dei som hekkar seint (havsvale, stormsvale), vil vi gjere framlegg om ferdselsforbod frå 1. mars til ut september. For å kunne imøtekome både bruk av fyrstasjonen og interessa for styrt utfart, må dette etablerast stisystem og avgrensa område som har tillatt ilandstiging og ferdsel i denne tida.

#### *Langholmen*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg og framlegg til vernereglar.

#### *Storholmen*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg, men av omsyn til hekkande toppskarv bør ferdselsforbodet i alle fall på Skarvholmen, vere frå 1. april.

#### *Sætreidalen*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg eller framlegg til vernereglar.

#### *Gjøsundholmen*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg eller framlegg til vernereglar.

#### *Måsehamrane*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg. Av omsyn til hekkande toppskarv bør ferdselsforbod vere frå 1. april.

*Haramsøya vestsida*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg. Av omsyn til hekkande toppskarv bør ferdselsforbod vere frå 1. april. Det er viktig å merke seg at bestandsutviklinga i området har vore positiv dei seinare åra.

*Kjepina*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg eller framlegg til vernereglar.

*Husfjellet*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg. Av omsyn til hekkande toppskarv bør ferdselsforbod vere frå 1. april. Det er viktig å merke seg at bestandsutviklinga i området har vore positiv dei seinare åra.

*Svetlingane*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg. Av omsyn til hekkande toppskarv bør ferdselsforbod vere frå 1. april.

*Rødholmen*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg eller framlegg til vernereglar.

*Feøya*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg eller framlegg til vernereglar. Det er viktig å merke seg at dette er det einaste aktive eggværet i fylket i ny tid.

*Vistdalsholmen*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg eller framlegg til vernereglar.

*Prestholmen*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg eller framlegg til vernereglar.

*Tautra vest*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg eller framlegg til vernereglar.

*Sveltingen*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg. Av omsyn til hekkande toppskarv bør ferdselsforbod vere frå 1. april.

*Røssholmen-Skjela-Oterholmen*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg. Av omsyn til hekkande toppskarv bør ferdselsforbod vere frå 1. april. Dette har vore eitt av dei viktigaste områda for hekkande sjøfugl i fylket dei seinare åra.

*Saltsteinen-Kolvingen*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg. Av omsyn til hekkande toppskarv bør ferdselsforbod vere frå 1. april.

*Orholmen-Grøningen*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg eller framlegg til vernereglar.

*Tromskjera-Mannskjera*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg eller framlegg til vernereglar.

*Orskjeran*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg. Av omsyn til hekkande storskarv og toppskarv bør ferdselsforbod vere frå 1. april. Dette er den einaste hekkelokaliteten for storskarv i fylket og bør ha høg prioritet.

*Fugleøya*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg eller framlegg til vernereglar.

*Bøffordholmane*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg eller framlegg til vernereglar.

*Eidsholmen*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg eller framlegg til vernereglar.

*Skalmen*

Ingen merknader til avgrensingsframlegg eller framlegg til vernereglar.

**Utellate, viktige fjordlokalitetar**

Som nemnt framanfor, finn vi at mangel på bestandsmål for dei ulike sjøfuglartane er ein fundamental svikt i den framlagde planen. Som det går fram av tabellen for bestandsandel av dei aktuelle artane innafør verna/foreslått verna område, er verneplanframlegget spesielt mangelfullt for nokre av dei artane som har hatt mest kritisk bestandsutvikling. Særleg gjeld dette artar som er knytte til holmar og småøyar innover i fjordane, der slike lokalitetar ofte er dei einaste sikre alternativa for sjøfuglhekking. Vi finn derfor all grunn til å etterlyse kvifor mange fjordlokalitetar ikkje er med i planen. Gjennomgåande er dette lokalitetar der det har hekkja sjøfugl i generasjonar, og der dette nettopp syner at det umulig kan ha vore store konflikter mellom folks bruk (eller mangel på bruk) og hekkande fugl. Vi ser derfor ikkje at det skal vere grunn til å forvente slike konflikter no. Dette gjeld først og fremst følgjande lokalitetar, jamfør og rapporten ”Hekande sjøfugl i Møre og Romsdal – ein statusrapport”:

Vestadholmane, Molde	Raudøyblægja, Ørsta
Fleire holmar ved Hjertøya/Fårøya, Molde	Våtmyrsholmen, Sykkylven
Stokkeholmane m. fl., Ålesund	Skålnesholmen, Rauma (ikkje i rapp.)
Gåseidholmane, Ålesund	Holmsholmen, Rauma
Flugevågsholmane, Vanylven	Hestholmen, Rauma
Notaskjeret, Herøy	Meløya, Nesset
Høymolskjeret, Herøy	Moholmen, Bjørnsund, Fræna
Årsetøya, Volda	Kvalvågholman, Gjemnes
Vikeskjeret, Volda	Tveekreholman, Tingvoll
Lidaholmen, Volda	Kvitholmen, Tingvoll
Måsehaugane, Volda	Ansnesholmen, Surnadal
Lianesholmen, Ørsta	

Sjølv om dette omfattar 23 lokalitetar i tillegg til framlegget på 38, er det arealmessig svært beskjedent. For dei aktuelle artane på desse lokalitetane ville det bety ein vesentleg auke i dekningsgraden og med det også for bestandsmål. Dette vil særleg slå ut for fiskemåse med auke til 20-30% av estimert hekkebestand, for makrellterne til 50%, og raudnebbterne til 20%,

men også for ærfugl ville det bety ein viktig auke, spesielt for fjorddelen av bestanden. For sildemåse ville dekningsgraden auke til >50%, og for gråmåse/svartbak til 35-40% innan verneområde. Etter vår oppfatning gjev dette ein betydeleg betre profil på verneplanen, spesielt i fjordlandskapet. Dette er spesielt viktig etter som alternative hekkelokalitetar for kolonidannande sjøfugl i slike område oftast er fråverande eller sterkt avgrensa. Følgjene av dette har i nyare tid vore tiltakande frekvens av måsar og ternar som hekkar på hustak, mange stader med støyproblem og tilgrising som følgje. Dette bør og vere viktige moment å ta med i ei heilskapleg vurdering av ein verneplan for sjøfugl og for forvaltning av naturverdiar generelt. I ytre kystområde med ein meir open og oppdelt skjergard vil det trass alt vere langt fleire alternativ for valg av hekkeområde enn inne i fjordane.

**For Norsk Ornitologisk Forening**



---

**Morten Ree, generalsekretær**

Kopi: Direktoratet for naturforvaltning  
NOF, avd. Møre og Romsdal